



© Sverre Bjørstad Graff

ÅRDAL
HUNDEKLUBB

ÅRSMELDING 2016

<http://www.ardalhundeklubb.no>

I 2016 har styret i hundeklubben vore samansett slik;

Verv	Namn	Periode
Leiar	Ingrid Nordbye-Antonsen	2016/2017
Nestleiar	Nina F.H. Hunderi	2015/2016
Sekretær	Laila Røneid	2015/2016
Kasserar	Bodil H. Selland Nordnes	2016/2017
Styremedlem	Oskar Seim	2015/2016
Styremedlem	Hilde Johanne Myklebust	2016/2017
Vara	Anders Lindborg	2016/2017
Revisor	Aud Andersen	2016/2017
Revisor	Rune Hunderi	2016/2017

Valkomite 2016

Leiar	Bente Kristin Sandvik	2015/2016
Medlem	Therese Tvedterås	2015/2016
Medlem	Hilde Johanne Myklebust	2016
Vara	Rune Hunderi	2016

Me minnes tidlegare leiar John Berg som altfor ung gjekk bort i 2016.

Medlemstalet var pr 31.12.2016 på 112 medlemmer som er ein liten nedgang med 4 medlemmer frå 2015.

Det har vore halde 6 styremøter.

Økonomi

Klubben har grei økonomi og det er eit lite overskot i rekneskapet for 2016.

I 2015 fekk me midlar frå gaveinstituttet til Indre Sogn Sparebank og klubben har no fått heilt nytt agilityutstyr.

Det er teikna avtale med «Kraftbingen» (Seimsdal vel) der dei har fått koble seg på hundeklubben sin strømanlegg mot at dei har skifta det elektriske anlegget, så det er godkjent etter dagens reglar.

Sommaren 2017, 7. – 9. juli, skal klubben for første gong arrangere offisielt agilitystevne. Me ventar stort innrykk frå heile landet. Kommunen har gitt oss gratis bruk av området på Tangen skule og fritidspark. Det er sett ned eiga arbeidsgruppe for stevnet. Arbeidsgruppa har hatt 2 møter i 2016.

Aktivitet:

- ✓ Barnegruppa har hatt 2 grupper i løpet av året. Det var 6 deltakarar på vårgruppa og 2 deltakarar på haustgruppa. Deltakarane har hatt med eigen hund eller fått låne hund. Kjekkast var nok agility, men alle fekk prøve seg med agility, triks og rallylydigheit.
- ✓ Handlerkurs Agility med Mona Tvervåg og Kurt Ove Steinset som instruktørar. Kurset var for vidarekomne og det var 6 deltakarar frå klubben.
- ✓ NKK trinn I instruktørkurs, der Årdal hundeklubb var vertskap for 9 deltakarar frå heile fylket. Kurset hadde 3 helger med teorisamlingar og vart avslutta med munnleg, skriftleg og praktisk eksamen. Takk til Årdal kommune som gav oss gratis kurslokale og til kvelpeeigarar som velvillig stilte opp ein søndag i advent for å hjelpe oss med praktisk eksamen.
- ✓ Dugnad på klubbområdet;
Området må vedlikehaldast og i 2016 har me hatt god hjelp av Thomas Nordbye-Antonsen. Han har skifta gjerde inn til sittegruppene og klypt graset på området med jamne mellomrom. Takk for innsatsen!
- ✓ Me har delteke med eigen stand på Fjord til Fjell dagane der den som ville kunne få prøve seg på Agility og rallylydigheit.
- ✓ Det har vore faste treningar for kvardagslydigheit, konkurranselydigheit, rallylydigheit og agility. Varierende deltakartal på treningane, men hausten vart det noko auka aktivitet og deltaking på mandagstreningane.

Ingrid Nordbye-Antonsen
-leiar-

Nina F. H. Hunderi

Bodil H. Selland Nordnes

Laila Røneid

Hilde Johanne Myklebust

Oskar Seim

Budsjett 2017 - Årdal hundeklubb

Budsjett 2017	Inntekter
Medlemskontingent	21000,00
Grasrotmidler	3000,00
Kurs	15000,00
Studieforbundet Natur og Miljø	3000,00
Nøkkeldepositum	1000,00
Agilitystevne	25000,00
Sum inntekt	68000,00
Utgifter	
Treningsplassen	10000,00
Grasklyppar	2000,00
Gebyr	500,00
Straum	2500,00
Dugnad	2000,00
Styremøte/medlemsmøte/årsmøte	3000,00
Diverse forefallande	5000,00
Agilitystevne	10000,00
Kurs	7000,00
Sum utgift	42000,00